



Andrea Rice med musikarar kjem att til Dønhaug neste laurdag, men då til løvedans. Her er dei i aksjon under låvedansen i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Torsdag i førre veka hadde irske Andrea Rice stor suksess i Dønhaugkjedlaren – med god hjelp av tre musikalske drabantar. Laurdag 18. august kjem ho att – men då på låvedans!

. Dette er fjerde gongen på to år at ho vitjar Dønhaug. På tilsvarande låvedans i fjor samla ho "fullt hus og hæla i taket". Likeeins gjorde ho på konserten i Dønhaugkjedlaren både i fjor og i førre veka med glimrande tilbakemeldingar frå både gjester og presse. Med sitt nye og varierte "Country Music Show" lovar ho å gje gjera sitt beste (og det seier ikkje ratt lite) for at det også denne gongen skal bli ein "livat dansekveld" i låven på Dønhaug.

Andrea er blant Irlands beste og mest etterspurde "Folk and Ballade" liveartistar. Med glitrande framføringar av dei beste irske songane opp gjennom tidene, der ho i tillegg tolkar og framfører hits av store stjerneartistar som til dømes Dolly Parton og Patsy Cline. Så dei som legg turen til Dønhaug denne kvelden vil få ei oppleving dei kan leva lenge på, lovar verten Magne Huglen.

Som vanleg vil det bli sett opp transport (ca 01.15) etter at arrangementet er slutt.